

Forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Sveio kommune

Høyringsutkast per 26. februar 2024.

§ 1. Lovheimel

Ordensreglementet er heimla i ~~LOV-1998-07-17-61~~ **LOV-2023-06-09-30**; Lov om grunnskolen ~~opplæringa~~ og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), ~~§§ 9A-10 og 9A-11~~ **§§ 10-4, 10-5, 10-6 og 10-7**.

§ 2. Føremål

Ordensreglementet skal gje klåre og føreseielege reglar i skulekvardagen og bidra til eit trygt og godt skulemiljø. Klåre rammer medverkar til å fremja respekt og toleranse, tryggleik, trivnad og eit godt læringsmiljø.

Ordensreglementet skal sikra like reglar, tiltak og sanksjonar for elevane, uavhengig av kva skule i kommunen dei er elev ved.

Reglementet skal ta vare på elevane sine rettar og plikter, så lenge dei ikkje er fastsette i lov eller på anna vis.

§ 3. Verkeområde

Ordensreglementet omfattar alle kommunale grunnskular i Sveio kommune. Skulefritidsordninga (SFO) og leksehjelp er ikkje ein del av skuletida, og blir difor ikkje omfatta av skulen sitt ordensreglement.

Ordensreglementet gjeld i skuletida. Skuletida omfattar både timar, friminutt og aktivitetar som skuleturar, leirskule og ulike tilskipingar i regi av skulen. Reglementet gjeld også på skulevegen. Ordensreglementet omfattar både det som skjer i det fysiske og det digitale rommet.

Hendingar utanfor skuletida som får direkte innverknad på skulekvardagen, kan omfattast av ordensreglementet.

§ 4. Eleven sine rettar og plikter

Eleven sine rettar og plikter er også fastsette i lov og anna regelverk. Eleven har rett til å bli behandla med respekt og omtanke, og eleven må sjølv behandla medelevar og vaksne med respekt og omtanke.

§ 5. Reglar for orden

Alle elevane skal:

- møta presis på skulen og til undervisninga
- ha med seg og ha orden på bøker og utstyr som er naudsynte for undervisninga
- gjera arbeid ein blir pålagd så godt ein kan og til rett tid. Unntak frå denne regelen gjeld berre om eleven har med seg melding frå foreldre/føresette
- følgja skulen sine reglar om melding og dokumentasjon ved fråvere
- retta seg etter beskjedar frå dei tilsette ved skulen
- ikkje forlata skuleområdet utan løyve
- halda god orden og ta vare på skulebygget, skuleområdet og skulen sine eigedelar

Ny tekst er markert med raudt. Tekst som skal ut, er stroken over.

§ 6. Reglar for åtferd

Eleven skal:

- vera hyggeleg og høfleg mot medelevar, tilsette og andre dei møter i skuletida
- bidra til eit godt klasse- og skulemiljø
- alltid retta seg etter beskjedar frå dei vaksne i skulemiljøet
- vera roleg i timane
- vera på skulen og ta del i undervisninga heile skuledagen
- visa respekt for skulen og andre sine eigedelar

Eleven skal ikkje:

- mobba eller på anna vis krenkja andre fysisk, verbalt eller digitalt
- misbruka skulen sine digitale verktøy
- banna eller nytta anna grovt språk
- vera valdeleg eller koma med trugsmål
- røykja, snusa, røykja elektroniske sigarettar, drikka energidrikk eller vera påverka av rusmidlar
- ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område
- juksa på prøvar eller innleveringar
- bryta reglane for bruk av privat mobiltelefon eller anna liknande elektronisk utstyr

§ 7. Reglar for bruk av privat mobiltelefon eller anna liknande elektronisk utstyr

Mobiltelefon, utstyr som høyrer til mobiltelefon, og anna liknande digitalt utstyr skal vera slått av i skuletida både på barne- og ungdomstrinnet.

Mobiltelefon, utstyr som høyrer til mobiltelefon, og anna liknande digitalt utstyr kan nyttast i undervisningstida når læraren gjev løyve til det ut frå eige skjønn.

Skulane lagar sjølv reglar for oppbevaring av mobiltelefonar og anna liknande elektronisk utstyr i skuletida.

Opptak, fotografering og publisering av elevar, tilsette og andre i skuletida er forbode om det ikkje er gjeve spesifikt samtykke til dette som ein del av undervisninga.

§ 8. Vurdering i orden og åtferd

Grunnlaget for vurdering i orden er om eleven opptrer i samsvar med § 5 i ordensreglementet.

Grunnlaget for vurdering i åtferd er om eleven opptrer i samsvar med § 6 i ordensreglementet.

Ved vurdering i orden og åtferd gjeld §§ ~~3-1, 3-2, 3-4, 3-6 og 3-7~~ i FOR-2006-06-23-724 §§ 9-2, 9-4, 9-7, 9-12, 9-14 og 9-17 i FOR-2024-xx-yy-zzz; Forskrift til opplæringslova.

§ 9. Sanksjonar:

- a) korreks, tilsnakk av lærar, inspektør eller rektor
- b) kontakt med foreldre/føresette skriftleg eller via telefon
- c) merknad
- d) inndraging av tobakksprodukt, rusmidlar og farlege gjenstandar som er nemnde i § 6 *

Ny tekst er markert med raudt. Tekst som skal ut, er striken over.

- e) avgrensa bruk og tilgjenge til skulen sine digitale verktøy
- f) endra friminutt med tanke på tidspunkt, opphaldsstad og lengd, eventuelt med eige tilsyn av ein vaksen
- g) sitja att eller møta tidleg
- h) utbetring av skader
- i) økonomisk erstatningsansvar, jamfør LOV-1969-06-13-26; Lov om skadeserstatning (skadeserstatningsloven) §§ 1-1 og 1-2
- j) bortvisa elev frå undervisninga for einskildtimar eller for resten av skuledagen, jamfør opplæringslova ~~§ 9A-11, første leddet~~ § 13-1, første andre og tredje leddet.
- k) bortvisa elev på 8.-10. trinn i inntil tre dagar dersom vedkomande alvorleg eller fleire gongar bryt ordensreglementet, jamfør opplæringslova ~~§ 9A-11, første leddet~~ § 13-1, første andre og tredje leddet.
- l) nedsett karakter i orden og åtferd
- m) flytta elev til annan skule i særlege tilfelle og der omsynet til dei andre elevane tilseier det, jamfør opplæringslova ~~§ 9A-12, første leddet~~ § 13-2. Vedtak om slik flytting kan berre gjerast av kommunen som skuleeigar, jamfør § 13-2, tredje leddet.
- n) melding til politiet, etterforsking
- o) bruk av fysisk makt ved naudverje, jamfør LOV-2005-05-20-28; Lov om straff (straffeloven) §§ 17 og 18 **

*Tobakksprodukt og alkohol som er inndrege etter denne paragrafen, skal overlatast til foreldre/føresette. Illegale rusmidlar skal overlatast til politiet. Farlege gjenstandar eller våpen skal overlatast til politiet.

**Naudverje gjeld heilt spesielle og akutte situasjonar der det er fare for at eleven kan skada seg sjølv eller andre, og det ikkje kan avverjast på annan rimeleg måte. Det kan då vera naudsynt å stoppa eleven ved å skilja eleven frå resten av gruppa eller ved å plassera eleven i eit eige rom for ein kort periode. Eleven skal ha tilsyn av minst ein vaksen. Når eit slikt tiltak blir sett i verk, skal ein straks melde frå til rektor og eleven sine foreldre/føresette. Rektor må føra årsaka til og opplysningane om tiltaket inn i eleven si elevmappe.

§ 10. Framgangsmåte ved bruk av sanksjonar etter §9:

- a) Rektor tek avgjerda om bruk av sanksjonar. Tilsette på skulen tek avgjerder innanfor det myndet rektor har delegert. Avgjerd om bortvising må takast av rektor sjølv, jamfør opplæringslova ~~§ 9A-11, tredje leddet~~ § 13-1, fjerde leddet. Rektor kan delegera mynde til lærar om å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar, jamfør opplæringslova ~~§ 9A-11, tredje leddet~~ § 13-1, fjerde leddet. Ved bortvising frå eiga undervisning, skal eleven ha tilsyn.
- b) Eleven har alltid rett til å uttala seg til den som tek avgjerda, før det blir bestemt at det skal nyttast sanksjonar, jamfør opplæringslova ~~§ 9A-10, tredje leddet~~ § 10-7.
- c) Når det ved alvorlege brot på reglane blir nytta sanksjonar som er nemnde i § 9 j, k og m, skal ein følgja sakshandsamingsreglane for einskildvedtak i forvaltningsloven. Det er ikkje krav til einskildvedtak når lærar bortviser ein elev frå eiga undervisning som i ~~§ 10 a~~ § 13-1, fjerde leddet.
- d) Bortvising kan berre nyttast når eleven bryt reglementet alvorleg eller fleire gongar. Før bortvising skal ein ha vurdert å nytta andre hjelpe- eller refsingstiltak, jamfør opplæringslova ~~§ 9a-11, fjerde~~ § 13-1, andre leddet. Ved bortvising ut dagen av elevar på 1.-10. årstrinn skal foreldre/føresette varslast før iverksetjing.

Ny tekst er markert med raudt. Tekst som skal ut, er stroken over.

§ 11. Straffbare tilhøve

Straffbare tilhøve skal som hovudregel meldast til politiet.

§ 12. Skuledemokratiet

Alle skular i Sveio skal ha desse rådsorgana:

- a) Samarbeidsutvalet (SU)*
- b) Skulemiljøutvalet (SMU)*
- c) Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)*
- d) Elevrådet. På Sveio skule skal det vera to elevråd, eitt for barnetrinnet og eitt for ungdomstrinnet.*

Skuledemokratiet skal elles organiserast slik det går fram av opplæringslova § 10-4. Skulane skal hjelpa elevane i arbeidet med skuledemokratiet.

~~§12~~ §13. Iverksetjing

Ordensreglementet gjeld frå ~~01.01.2023~~ **01.08.2024**

Ved endring av lovverk knytt opp mot ordensreglementet, har rådmannen delegert mynde til å oppdatera ordensreglementet i samsvar med lovendingane.

Ordensreglementet erstattar ordensreglement vedteke av Sveio kommunestyre ~~19.06.2017~~ med endringar vedtekne av kommunestyret ~~18.06.2018~~ **12. desember 2022**.